



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Per Kristian Løvmo

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/264 - 15/5222

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
06.05.2015

Skadefellingsløyve raudrev- 155/16 og 24

Delegasjonssak nr.:

Saksutgreiing

Det er søkt om skadefelling av skadegjerande raudrev på leigd beite på gnr/bnr 155/16 og 155/24 i Austrheim kommune. Søkjar, Per Kristian Løvmo har mista 5 lam til rev. Det er observert 2 vaksne rev og noen fjordårsvalper på beite. Søkjar kjenner og til eit hi i nærleiken.

Søknad om skadefelling skal sakhandsamast etter forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon (FOR-2005-03-18-242). Skadefellingsforskriften skal ikkje praktiserast slik at den uthuler lovens fredningsprinsipp og all jakt skal skje sikkerhetsmessig og human.

Raudrev

Raudrev har ein god bestand landet over og er også tallrike i Austrheim. Det er noe skabb på øyene så man prøver å holde revebestanden lav. Rev har jakttid frå 15/07 til 15/4, og er kun fredet i yngletiden. Reven vil i disse tider ha små valper som er sårbarer utan mor.

Fredningsprinsippet og forebyggjande tiltak

Det er i forskrift sett nokre vilkår som må følgast.

Eier, brukar eller rettighetshavar skal ha gjort naudsynte tiltak for å redusere skaden før fellingsløyve handsamast. Det er i dette tilfelle vanskelig å sjå tiltak som kan gjerast i år for å forebygge skade. Sauene kan flyttast til andre beite og landbrukskontoret forutset at om dette hadde vore ei løysing ville bonden gjort slike tiltak. Andre førebyggjande tiltak som ordinær jakt på rev vil være å forvente at blir gjennomført før neste beitesesong.

Sikkerhetsmessig og human jakt

Forskrifta set krav til human og sikkerhetsmessig jakt, samstundes seier §1-1 : «Avlivast eit mordyr i yngletida bør avkommet av dyrevernmessige hensyn om mulig avlivast». Det settes her krav til at jeger

kontrollerer dyret sitt kjønn og om det er eit hodyr vurderer om det er valper i hi. Dette kan fastsettes ved å sjekke om dyret har mjølk i pattene. Er det eit mordyr skal ein avlive avkommet og.

Ved hijakt er det viktig at jegarane tar eigen og andres sikkerheit på alvor og har med seg erfarte jegere (<http://www.njff.no/jakt/Last%20ned sider%20for%20jakt%20skyting%20og%20hund/Last%20ned%20jakt/NJFFs%20faghefte%20om%20hjakt%20p%C3%A5%20rev.pdf>).

Vedtak:

Landbrukskontoret gjev Per Kristian Løvmo løyve til å ta ut eit revehi (totalt 2 vaksne rev) på gbnr 155/16 og 24 om grunneigars samtykke er innhenta.

- Det skal avlivast skadegjerende individer og valper skal avlives om ein skyt eit mordyr.
- Grunneigar må ha gitt tillatelse til felling på deira eigedom for felling starter.

Løyve er gyldig til 20.mai 2015.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som mogleg, og innan 21/5/2015.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Toril Marie Mulen
leiar

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Per Kristian Løvmo